

Hallo i nedslagsfeltet!

No er det endeleg juleferie og er heime i Velledalen fram til midten av januar. Det er dårlege snøforhold og det er positivt med tanke på at det framleis er mogleg å trene utandørs, sjølv om eg gjerne skulle hatt kvit jul. Her heime blir det for det meste kondisjonstrening ute eller på tredemølle, men får også eit par fotballøktar i veka med Sunnylvn/Stranda sitt damelag.

Viktig å halde fotballforma ved like slik at laget mitt, Podemos, kan prøve å forsvare årets siger i Nattcup – som blir arrangerte fyrste helga i januar. Har kjøpt meg nye innandørssko som eg må spele inn før turneringa. Så dersom nokon vil spele litt fotball blir eg gjerne med!



Sidan trimposten Holemarka ligg så godt tilgjengelig har det blitt ein del noteringar inn dit. Om sommaren er mi største frykt å møte på ein hoggorm langs vegen, men når kulda kjem er ikkje dette lenger eit problem. Men sundagskvelden våga ikkje storesystema mi og eg å gå inn til sætreelva åleine. Må nok innrømme at vi vart litt skremd av mørket begge to.

Vi har tidlegare observert nokre merkelege dyrespor innover, og når vi hørde rare lydar frå Koldabakken fann vi det best å vende heim att. Min teori er at det er eit skummelt rovdyr, ein jerv eller liknande (dette er høgst uvisst). Men inn til sætreelva skulle vi, og fekk difor med oss mamma på tur (som kan skilte med tidlegare karriere som speidar) slik at vi kjende oss litt tryggare.



*Perfekt å gå på tur når ein kan nyte denne fantastiske naturen!*

Mi personleg form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 5.5